

Betre kommuneøkonomi no!

Norge har eit godt utbygd tenestetilbod på barnehage, skule, pleie og omsorg og helse. Kommunane har hovudansvaret for å yte desse tenestene som er svært viktige for alle sine levekår.

På grunn av svært dårleg økonomi vert fleire og fleire kommunar sett under administrasjon av staten, gjennom det som vert kalla ROBEK-lista (Register for betinga godkjenning og kontroll ved Statsforvaltaren).

Mange kommunar har gjort vedtak om store kutt i heilt grunnleggande tenester som særleg går utover dei som har størst hjelpebehov.

Når mange kommunar slit kraftig er det fordi gjelda er høg og renteauken som har vore over nokre år, har slått kraftig ut. Utgiftene til renter og avdrag har gått opp. Korkje renteauken eller pris- og lønsauken er kompensert gjennom større overføringar frå staten.

Kommunane vart i nokre år redda av ekstra skatteinngang, og fleire kommunar har ekstra kraftinntekter og inntekter frå Havbruksfondet. Difor er det også store skilnader i kommunane si evne til å løyse oppgåvene. Gjeldsnivået i kommunane er også ulikt.

Stortinget har gjennom fleire år gjort vedtak om reformer, normer for tal tilsette, kompetansekrav og øyremerking av midlar til særskilte oppgåver. Dette har kome til for å få kommunane til å prioritere nokre tiltak og område. Det gjeld særleg innan barnehage, skule, helse, pleie og omsorg. Dette er ikkje feil i seg sjølv, men vedtaka og tiltaka er ikkje følgd opp med store nok rammer eller overføringar til kommunane.

Rammene for kommunane i statsbudsjettet for 2026 er langt frå store nok til at kommunane maktar å yte tenester med god kvalitet som folk har grunn til å forvente, og som Stortinget har gjort vedtak om.

Vestland SV krev at rammene til kommunane vert kraftig auka i samband med revidert statsbudsjett år for å hindre usosiale kutt.